



Saksframlegg

Søknad om investeringstilskot - Grindberg Trevarefabrikk AS

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		03.06.2026

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formanskapet

Dokument i saka:

Søknad frå Grindberg Trevarefabrikk AS om investeringstilskot – digitalt skjema
Utfyllande kommentar til søknad
Kostnadsoverslag investeringsbehov

Vedlegg

- 1 Søknad om støtte fra Næringsfondet Grindberg Trevarefabrikk AS

Bakgrunn for saka:

Grindberg Trevarefabrikk AS org.nr. 912 098 389, har sendt søknad om støtte frå næringsfondet til etablering av nytt butikk- og utstillingslokale ved bedrifta i Kilegrend. Bedrifta har lange tradisjonar innan produksjon av kjøkken, garderober, baderomsinnreiingar og spesialtilpassa møblar, og ønskjer no å styrke marknadsføring, synlegheit og lokal tilgjenge gjennom eit eige visnings- og butikklokale. Tiltaket er forankra i eit ønskje om å vidareutvikle lokal produksjon, skape auka aktivitet ved fabrikk i Kilegrend og styrke arbeidsplassane i kommunen. Bedrifta vurderer at etableringa vil kunne utløyse behov for 1–2 nye tilsette i perioden 2026–2027.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035, strategi for næring og arbeidsliv; kommunen skal legge til rette for næringsutvikling, samt reglar for bruk av næringsfondsmidlane vedteke av kommunestyret i Fyresdal 28.01.2016 – sak 2015/631.

Grindberg Trevarefabrikk AS er ei etablert verksemd med lange tradisjonar innan lokal produksjon av innreiingar og spesialtilpassa møblar. Verksemda starta opp heilt attende i 1930, av gründer Georg Vik, og har vore innoom alt frå nisjeproduksjon, plassbygde løysingar og storproduksjon til Ikea-konsernet. Søknaden om støtte til etablering av butikk- og utstillingslokale i Kilegrend framstår som eit målretta tiltak for å styrke både marknadsposisjon, synlegheit, lokal produksjon, og ikkje minst styrking av Grindberg Trevarefabrikk som arbeidsplass no og i framtida.

Fyresdal skal i tida som kjem bygge eit stort tal hus og leilegheiter, og ved den omsøkte satsinga posisjonerer Grindberg seg i høve det å bli ein solid leverandør av naudsynte varer og installasjonar i ny bygningsmasse. Prosjektet er i tråd med kommunen sine mål om å utvikle og synleggjere lokalt næringsliv, og det har eit tydeleg potensial for å bidra til vidare vekst i ein eksisterande arbeidsplass.

Etableringa av eit visnings- og butikklokale vil gi bedrifta ein ny arena for å presentere produkt, materialar og handverk. Dette kan styrke konkurranseevna og gjere det enklare for kundar å ta gode val. Samstundes vil eit slikt lokale kunne fungere som eit utstillingsvindauge for lokal produksjon generelt, og ta attende omdømme ein har hatt ved Grindberg Trevarefabrikk AS som ein solid leverandør av plassbygde løysingar og interiørdesign.

Prosjektet inneber ei betydeleg investering, og kostnadsramma på om lag 2,1 millionar kroner framstår som realistisk sett i lys av omfanget av oppgraderingar, tekniske tilpassingar og innreiing som må på plass.

Kostnadsoverslaget har fyljande postar;

• Oppussing og tilpassing av fabrikk- og utstillingslokale:	830 000,-
• Utstillingsmøblar:	900 000,-
• Butikkinnreiing:	98 000,-
• Ymse profilering, opplæring m.m.:	205 000,-
• Marknadsføring, salsmateriell m.m.:	75 000,-
Sum estimert kostnad:	2 108 000,-

Som ein ser av oversikta er det teke med utstillingsmøblar, kvitevarer m.m. til ein estimert kostnad på kr 900 000,-. Dette er element/varer som vil vere gjenstand for sal på eit tidspunkt, og som ikkje vil vere riktig å ha med i tilskotsgrunnlaget. Dette er også gjort greie for i samtale med søkjar.

Tiltaket har òg ein klar samfunnsnytte. Ein ser positivt på aktivitet og næringsutvikling i grendene, i dette tilfelle Kilegrend, og etableringa av eit nytt publikumsretta tilbod vil kunne bidra til auka trafikk og handel ved fabrikk. Bedrifta peikar på at prosjektet kan utløyse behov for 1–2 nye tilsette i løpet av 2026–2027. Sjølv om dette ikkje er garantert, vurderast potensialet som reelt og relevant for vurderinga av samfunnsverdi i eventuell stønad.

Samla sett framstår prosjektet som gjennomførbart, godt forankra og med eit klart utviklingsperspektiv. Det vil styrke ein eksisterande lokal arbeidsplass, bidra til synleggjering av lokalt handverk og gi eit nytt tilbod til både fastbuande, tilreisande og hyttefolk. Tiltaket fell tydeleg innanfor formålet med næringsfondet, og det er grunnlag for å vurdere søknaden positivt.

Bedrifta syner vilje til å ta ein stor del av kostnaden sjølv. Om ein legg til grunn vedlagt kostnadsoverslag fråtrukke 900 000,- til utstillingsmøblar m.m., er tilskotsgrunnlaget ca 1 208 000,-. Om ein legg til grunn 20% tilskot, utgjer dette kr 241 600,-. Med bakgrunn i dette vil det vere rimeleg å innvilge eit tilskot på 250 000,-.

Konklusjon:

Gjennom investeringar i fabrikk og utstillingslokale satsar Grindberg Trevarefabrikk AS på å bli eit fyrsteval for publikum som skal bygge nytt eller fornye interiør i hus og hytter. Investeringa treff godt i høve forventa utbygging av bustader i Fyresdal i åra som kjem, og er ei svært positiv satsing frå eigarane. Ein legg til grunn eit samla kostnadsestimat på 1 208 000,- og ynskjer å stø investeringa med kr. 250 000,- frå næringsfondet.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune løyver kr 250 000,- i investeringstilskot til Grindberg Trevarefabrikk AS, org.nr. 912 098 389, til dokumenterte utgifter i samband med etablering av nytt butikk- og utstillingslokale. Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond. Saldo på næringsfondet er pr. 20.05.2026 kr. 530 000,-.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef